

Tabell D-fk

Indeks for berekna utgiftsbehov for fylkeskommunane 2024

Indeks for berekna utgiftsbehov (kolonne 13) blir berekna ved hjelp av kostnadsnøkkelen med tilhøyrande kriteriedata. Første steg er å berekne den einkilde fylkeskommune sin del av landssummen for kvart kriterium. Så blir den einkilde fylkeskommunen sin del av innbyggjartalet i landet berekna (det vil seie innbyggjartalet i fylkeskommunen dividert med innbyggjartalet i landet). Deretter blir indeks for kvart kriterium berekna etter følgjande formel:

$$\text{Indeks}_k = \frac{\text{Fylkeskommunen sin del av kriterium}}{\text{Fylkeskommunen sin del av innbyggjarane}}$$

Ein fylkeskommune som har ein indeks lik 1,0 for kriteriet innbyggjarar 1–18 år har like stor del av 1–18-åringar i landet som av totalt innbyggjartal i landet. Ein fylkeskommune med indeks lik 1,1 for det same kriteriet har 10 prosent høgare del 1–18-åringar enn delen innbyggjarar. Ein fylkeskommune med indeks lik 0,9 for det same kriteriet har 10 prosent lågare del 1–18-åringar enn delen innbyggjarar. Indeks for berekna utgiftsbehov blir berekna som eit vekta gjennomsnitt av indeksane for dei enkelte kriteria etter følgjande formel:

$$\text{Indeks berekna utgiftsbehov}_i = \sum_{k=1}^{18} V_k * I_{ki}$$

V_k er kriterievekt for kriterium k , I_{ki} er indeks for kriterium k for fylkeskommune i . Den samla indeksen for berekna utgiftsbehov er då summen av indeksane for kvart kriterium der det einkilde kriterium er vekta med si vekt i kostnadsnøkkelen.

Vekta for kvart kriterium i kostnadsnøkkelen er vist i tabellen på neste side.

Innbyggjarar 1–18 år har ei vekt på 0,0277 i den samla kostnadsnøkkelen. Det betyr at 2,77 prosent av det berekna utgiftsbehovet til fylkeskommunane, på dei områda som blir dekte av utgiftsutjamninga, er knytt til talet på innbyggjarar 1–18 år.

Sjå innleiinga til Grønt hefte for ein meir utførleg omtale av korleis sektorvektene og vektene til kvart kriterium blir fastsette.

Kostnadsnøkkel for fylkeskommunane 2024:

Kriterium	Vekt
Innbyggjarar 1–18 år	0,0277
Innbyggjarar 16–18 år	0,3811
Innbyggjarar 19–24 år	0,0065
Innbyggjarar 67 år og over	0,0052
Innbyggjarar i alt	0,0082
Personar med psykisk utviklingshemming 18 år og over	0,0013
Søkjarar til utdanningsprogram med høg kostnad	0,0794
Søkjarar til læreplass	0,0249
Reiseavstand for å nå 11 000 innbyggjarar	0,0742
Sysselsette etter bu- og arbeidsstad, skalert (ut over 37 prosent)	0,1408
Normerte ferjekostnader	0,0555
Vedlikehaldsbehov fylkesveg	0,1952
Sum	1,0000

Indeks for kvart kriterium er vist i kolonnane 1–12. Kriteria er definerte og kriterieverdiane viste i tabell E-fk.

Kolonne 1 – Indeks for innbyggjarar 1–18 år

Kolonne 2 – Indeks for innbyggjarar 16–18 år

Kolonne 3 – Indeks for innbyggjarar 19–24 år

Kolonne 4 – Indeks for innbyggjarar 67 år og over

Kolonne 5 – Indeks for innbyggjarar i alt

Kolonne 6 – Indeks for personar med psykisk utviklingshemming 18 år og over

Kolonne 7 – Indeks for søkjarar i høgkostnads utdanningsprogram

Kolonne 8 – Indeks for søkjarar til læreplass

Kolonne 9 – Indeks for reiseavstand for å nå 11 000 innbyggjarar

Kolonne 10 – Indeks for sysselsette bu- og etter arbeidsstad, skalert

Kolonne 11 – Indeks for normerte ferjekostnader

Kolonne 12 – Indeks for vedlikehaldsbehov fylkesveg

Kolonne 13– Indeks for berekna utgiftsbehov

Vekta gjennomsnitt av kolonnane 1–12. Kolonnen blir brukt i tabell A-fk, kolonne 1.

Kolonne 14 – Befolkningsdel per 1.7.2023 (promille)

Kolonne 15 – Del av berekna utgiftsbehov (promille)

Fylkeskommunen sin del av totalt berekna utgiftsbehov. Kolonnen blir rekna ut ved å multiplisere fylkeskommunen sin indeks for berekna utgiftsbehov (kolonne 13) med fylkeskommunen sin del av innbyggjarane (kolonne 14).